

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 2. mai 2017

Stad: Ikornnes kyrkje, kl. 20.30

Til stades: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth, Monica Breivik Orre og Knut Henning Aursnes.

Sak 21/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjend.

Sak 22/17 Godkjenning referat frå møte Sykkylven sokneråd 28.03.17

Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjend.

Sak 23/17 Nytt lydanlegg Kyrkjestova

Kyrkjeverjen har lagt fram saksframlegg (sjå vedlegg) om kjøp av nytt lydanlegg til Kyrkjestova.

Vedtak: Sykkylven sokneråd vedtok einstemmig kjøp av nytt song- og taleanlegg jf. pristilbod nr. 2 med kvite høgtalarar. Dette ved bruk av fondsmidlar avsett til Sykkylven kyrkje. Soknerådet ber kyrkjeverjen om å leie prosjektet.


Sak 24/17 Søknad frå kantor om støtte til kortur til Budapest

Det har kome søknad frå kantor om støtte til kortur til Budapest. Sjå vedlagte søknad. Kantor har kome med tilleggsopplysningar om at det på grunn av anna støtte på kr 7.000,- ikkje vert naudsynt med så høg støtte som søkt, men det vart og antyda frå kantor at det vil kome søknad om støtte til ein kor-sumarleir.

Vedtak: Soknerådet ser verdien turen kan gje for utviklinga av korarbeidet i kyrkjelyden. Soknerådet vedtok einstemmig å løyve kr 1.500,- til korturen til Budapest.

Eventuelt:

- Torbjørn Støylen har fått fire nye personar til å vere med å ta ansvaret for kyrjekaffien. Han vil høyre ein gong til under kyrjekaffien om det er fleire som vil ta på seg oppgåva, og om det er nokon som også vil bake kaker til kyrjekaffien.
- Årsmøte og opplesing av årsmeldinga med innspel og spørsmål vart halde 30.04.2017.



Sykkylven sokneråd

Orienteringssaker:

- Bispedømerådet har gitt tilbud til prest den 28.04.2017. Han har 8 dager svarfrist.
- Orientering frå Kirkens SOS frå representant Torbjørn Støylen, som var på årsmøte 15. mars 2017.

Påminning:

- 15.06.2017: Felles soknerådsmøte med Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd

Referent: Knut Henning Aursnes